Risto Holopainen

# Songen um rallaren

for

sopran med ambolt klarinett i Bb

This music is copyright protected

NB noter
This music is copyright protected

# Songen um rallaren

for
sopran med ambolt
klarinett i Bb

dur. ca 19'

tekst: Kristofer Uppdal
© Risto Holopainen 2006

NB noter
This music is copyright protected

tinga av Gjertrud Pedersen & Astrid Kvalbein

# Songen um rallaren
## Kristofer Uppdal

Eit gråkvitt morgonland. Den fyrste dagslysning i gråen. Upp der ris menneska. Som i gror or nattvåt jord. Og tek med kvart si sermerkte form. Og stig i ruv. Som blåsvarte kampesteinar på hall. Mot morgonhimlen, han tender sin eld. Svevnstunge. Som  uppvaknande dyr. Stirande. I undring, over å ha vortne til.

Det er rallaren
Han stig fram. Or natta. Naken, i sin styrke.
Åleine.
Og i flokkar.
Den mannlege styrke alle stader.
Han er den fridomsbyrge trass.
Han andar einast i full fridom.

Han vandrar fram. Uhorveleg ruvande. Ut av det våte myrker. Og med ein veg av moreldlysing etter.
Røysta hans! som fot-dun. Sprakande. Lik eldgneisting frå hæl-jarn.
Det kling. Ikkje berre i og inni orda. Men i millom dei òg. Og rekk ikkje ord fram, talar rørslur. Endå betre.
Frå levra og sjela.
Rallaren!
Uversdyret, ein stryk over pelsen! Ei spraking av blåe eldhår.
Hard og usårande. Sjølve grunnfjellet!
Og utanfor lagnads-vondt. Ingen ting kan nå han.
Men hudsår, lik eit barn, mot minste urett. Um ikkje større enn i knepping på nasa.
Og ris då. I storkatt-sprang. Fram.
Og tvingar då større styrke enn han sjølv, i kne.

NB noter
This music is copyright protected

Alltid på vandring.
Frå arbeid til arbeid.
Og inn i millom gjerandslaus.
Spelar då kort. Og vinn. Og tapar. Og høgste innsats: Alt hans.

I fylgjet med han: Spaninga. Lik ein storm.
Til han sjølv blir ein storm.
Som noko lausrive av grunnfjellet rusar han fram.
Ein senut lekam. Og tek herdsle etter herdsle. Til blåe stålglansen er der. Og det dirrande syng or stålet.
Sjukdom og slikt går lange umvegar. Torer ikkje gjeva seg i bask med han.

Men endå noko av grunnfjellet, rokkest det òg for ei jordskjepling.
Og då må rallaren òg til.
Og i ulukkehendingar ryk no og då ein rallar.
Og arven etter, er det tome rom.
Ei kongeleg gåve til den nye rallar.
Beinveges kjem han sendande or natta. Og inn i det tome rom.

Alt nytt! Han ét det. Grådig. Or lause lufta. Blir ivrig og steintyggjande munnrapp, i kvar snøgg-glytt mot politiske rørslur.
Der skulle han òg vore.
Kvart brotstykke frå tida utum, han tek det upp, og med seg. Lik oskeladden.
Og det lyfter hugen.
Gjer han til eit lallande barn. Det ber han, inn gjenom eventyret.

Grunnfjellstyrken: Hans gud!

Han seier til han, han maktar alt, berre han byrjar.
Og no diktar og syng han. Um kjærleik. Og sorg. Og um slikt slag han veit lite um. Men som han anar.
I same tungstrykande rytme, som han sjølv.

Uroa! Alltid i fotefaret hans, ho. Og sender han fram. Fram og tilbake. Og tilside. Ein kvervilstorm all stad.
Han knallar og går.
I dagar.
Og i næter.
Og blir ikkje sårføtt. Berre noko lettar på foten. Som har han eld under.
Til han då sovnar i snødriven.
Og etter ein snork svevn, på han igjen: Å knalla og gå.

I arbeid att.
Arbeid og kortspel.
Og eting: for mange vikur i svolt.
Og slåsting. Rallar mot rallar. Det blir, som når dyr slæst. For slåstinga skuld.
Etterpå vaskar dei såra til kvarandre. Kjælande ømt.
Og kjærlege mot kvarandre. Lik syskin: Å sova i same seng.

NB noter
this music is copyright protected

Rallaren stigar fram rallarvegen.
Han får med kvart kjensla av ha alle i mot seg.
Og som den han er: Reinspika kar. Og ærleg til siste slant, -- legg han straks upp like høg sats. Som ved kortspelbordet, når ein byd over.
Han vågar seg sjølv. *Ein* i mot alle.
Og alle mot han.
Hans hender mot alle dei andre. Og alle dei andre sine mot hans.
Det er ærleg spel, ein rallar verdig.

På ferda si fram, han byggjer landet. Bryt ut fjell. Legg stein til stein. Murar, hus og byar.
Og ferdig, han gled seg. Eit arbeid storleg godt.
Men i gleda går det han ille.
På avvegar kjem han i byen han sjølv bygde.
For jotunkraftene! So store, dei kan ikkje kvile. Må gjera arbeid.
Og ikkje meir å byggje, jotunkraftene lagar seg yrke. Og byrjar å øyde.
Til dei sprengjer seg rom til utgang. Til i jotun-fridom å skapa og byggje vidar.

Vidt er landet.
Og dagsreiser millom bygdelag.
Her:
Eit arbeid for krefter som rallaren.
Straks han byrjar å draga saman det vidsveimde land -- som den gud han er.
Bygdene flyt han nærrar. Dreg ut jarnvegar, frå landsende til annan.
Ein lysande kinglvev. Og han i veven. Spinnande nye trådar, ut og ut.
Ferdig, han gled seg. Eit arbeid verdig ein kar som han.
Og er han heppen, lurer han seg sjølv til tjuv-åke ein stubb. På jarnvegen han sjølv bygde. Men blir hivd av.
Og hekta, for påfunnet.
For ein skapar skal skapa, og ikkje kvile på det han har skapt.
Det kan *dei*, som ikkje er føre til skapa.

Alltid skapar han. Nytt og nytt.
Eit liv i diktande bygg.
Frå morgon til natt.
Og natt som dag.

I sin gang gjenom landet, sår han fabrikkar. Rister dei frå seg.
Fabrikkar til å spinne og veva klæde. Til å verme menneska. Og til å gjera dei vene for augo.
Etter ferdig arbeid, til glede for skaparen, burt frå det heile tråvar rallaren sjølv. Halvnaken. Og kanskje noko kulsen, sveitt som han vart i slik strid tørn. Og skræmande fæl, etter hard økt.
Men so kongeleg raus han går frå alt.
Kva verd har det skapte for han som skapar alt? Sjølv er han like mykje. Og meir enn so.
Verde har det berre for dei som ikkje kan skapa.

NB noter
This music is copyright protected

Kvar han er frå?
Frå den gråblå morgonverd, ho i uppvakning og byrjing med noko svart ruvande upp: nye menneske, byggjande si eiga verd. Sjølve noko av den nye verda.
Og byggjande seg sjølv.

Som elva ho hår havet, fløymer ho framleis der ho fløymde.
So med rallaren òg.
Han bli burte i mythe-himlen.
Men ein veg etter han. Av nye som er han. I all framtid.

# Songen um rallaren

Risto Holopainen
2006




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


rekk ikkje ord fram talar rørslur. Rall-ar-en! Uværs-dyret. Hard og u-
sår-an-de. Sjøl-ve grumfjellet. Og ut-an-for lag-nads-vondt. Men hud-sår lik eit barn mot
minste u-rett. Um ikkje større enn i knepping på nasa. Og ris då stor-kutt-sprang fram. Og
tvingar då større styr-ke enn han sjølv, i kne All- tid
på vandring. Frå arbeid til ar- beid. Og inn- i- mill-
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected



NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected



NB noter
This music is copyright protected



NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected



NB noter This music is copyright protected


annan. Ein ly-san-de kingel-vev. Og han i vev-en
spinnande ny-e trådar ut og ut. Fer— dig han gled seg.
ritenuto
Eit ar-beid verdig ein kar som han
senza misura
Og er han heppen, lurar han seg sjølv til tjuvåke ein stubb. På jarnvegen han sjølv bygde.
senza misura
Men blir hind av. Og hekta, for påfunnet.
♩=96
For ein skap-ar skal skapa, og ikkje kvi-le på
det han har skapt. Det kan dei, som ikk-je er fø-re til
375
382
389
393
399



NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


♪=ca 132
ikkje kan ska- pa
457
462
466
NB noter
This music is copyright protected
♩=66
Kva han er frå?
Frå den grå-blå mor- gon- verd, ho i
471




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

Oslo 19 september 2006

NB noter
This music is copyright protected